



| Saksnr. | Utval                                        | Møtedato   |
|---------|----------------------------------------------|------------|
| 018/26  | Eldrerådet                                   | 31.08.2026 |
| 027/26  | Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 31.08.2026 |
| 039/26  | Helse- og oppvekstutvalet                    | 02.09.2026 |
| 045/26  | Samfunnsutvalet                              | 02.09.2026 |
|         | Formannskapet                                |            |
|         | Kommunestyret                                |            |

## Sluttrapport - Prosjekt bu- og omsorgstilbodet - rigga for framtid

### Vedlegg i saka:

|            |                                                                            |
|------------|----------------------------------------------------------------------------|
| 25.08.2026 | Prosjektrapport                                                            |
| 25.08.2026 | Formålsbygg Helse-og omsorg (driftskostnad - tilstandsvurdering 2026-2035) |
| 24.08.2026 | Delprosjektrapport - Bu og omsorgstenesta                                  |
| 25.08.2026 | Delprosjektrapport - Heimetenesta                                          |
| 25.08.2026 | Delprosjektrapport - Miljøarbeidartenesta                                  |

### Kommunedirektøren si tilråding

- Kommunestyret ber kommunedirektøren legge prosjektrapporten til grunn for det vidare arbeidet med utviklinga av det framtidige bu- og omsorgstilbodet i Gloppen kommune
- Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med tiltaka i den rekkjefølgja som lagt fram i rapporten
- Kommunestyret ber om at tiltaka vert innarbeidd i framlegget til økonomiplan for 2027-2030

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Fram mot 2035 vil talet på innbyggjarar over 80 år i Gloppen auke med om lag 50 %. Dette medfører ein stor auke i talet på innbyggjarar som vil få behov for helse- og omsorgstenester frå kommunen. Som følgje av ein relativ nedgang i talet på yrkesaktive, vil kommunen kunne få vanskar med å skaffe tilstrekkeleg og kompetente medarbeidarar. Utgreiingsprosjekt «Bu- og omsorgstilbod – rigga for framtida» vart etablert i januar 2026. I prosjektrapporten vert det gjort vurderingar av *framtidig tenestebehov, bemanning, kompetanse og formålsbygg/ bustader* knytt til Bu- og omsorgstenesta, Heimetenesta og Miljøarbeidertenesta.

Prosjektrapporten vurderer moglegheiter og utfordringar, og kjem med tilrådingar til framtidige løysingar/driftsmodellar for bu- og omsorgstilbodet i Gloppen.

#### Fakta i saka

#### Prosjektet

#### Mandat og mål

Prosjektmandat og mål:

Utgreiingsprosjekt for å sikre at Gloppen kommune framleis skal ha eit berekraftig tilbod til

brukarane i 2035:

- Bærekraftig betyr at vi skal nytte personell, kompetanse og bygg best mogleg til gode tenester til flest mogleg
- Prosjektet skal framskrive tenestebehovet og behov for årsverk/kompetanse i tenestene

### Organisering

Prosjektet har vore gjennomført som eit hovudprosjekt med 3 delprosjekt knytt til dei tre ovannemnde tenestene. Prosjekteigar har vore kommunalsjef for Helse og velferd.

Prosjektgruppene har vore breitt samansette med prosjektleiar, tenesteleiarar, fagpersonell, tillitsvalde og tilsette med kompetanse innan byggtekniske forhold og økonomi.

Kommunedirektøren si leiargruppe og hovudtillitsvald NSF har vore styringsgruppe i prosjektet, og fått jamlege rapportar om status og framdrift i prosjektet.

### Aktivitetar i prosjektet:

- *Tenestebehov*: Det er gjort framskriving/prognosar av talet på tenestemottakarar i 2035 (SSB-statistikk)
- *Rekrutteringsbehov*: Det er laga framskriving av kor mange tilsette/årsverk som vil gå av med pensjon fram mot 2035, og gjort eit estimat av behovet for ytterlegare nye årsverk grunna auken i talet på tenestemottakarar
- *Bygg*: Det er gjort tekniske og driftsmessige vurderingar av formålsbygga i tenestene
- *Tiltak*: Det er utarbeidd forslag til tiltak fram mot 2035. Tilsette, leiarar, tillitsvalde og politikarar har vore involvert i arbeidet
- *Økonomi*: Det er gjort kvalitative og økonomiske vurderingar av tiltaka som er foreslått
- *Prioriteringar*: Det er laga forslag til prioritering av tiltak og vidare arbeid med aktuelle tiltak

### Tilrådingar for vidare arbeid

I første omgang rår prosjektgruppa rår til å arbeide vidare med tiltak som vil gjere oss i stand til å nytte eksisterande ressursar (tilsette og kompetanse) best mogleg. Dette vil vere økonomisk gunstig, og vil vere ein føresetnad for å kunne gje forsvarlege tenester i ei tid med aukande mangel på helsepersonell.

#### Kortsiktige tiltak i prioritert rekkjefølgje:

1. **Tiltak 6:** Bygge om deler av Solsikka til personalbase/overnatting for personalet. Tiltaket har lav kostnad, høg nytte og er viktig for å behalde/rekruttere tilsette. Blir sett i verk hausten 2026 innanfor budsjettert investeringsramme.
2. **Tiltak 11:** Nytt bygg ved Gloppen omsorgssenter – kontor og behandlingsrom for heimetenesta. Tiltaket må utgreiast vidare. Dette arbeidet har starta, og midlar til forprosjekt/utgreiing for 2026 vert tilrådd vidareført i budsjettet for 2027. Tilråding om å legge inn midlar til investeringa i 2028
3. **Tiltak 13:** Nytt bygg ved Gloppen omsorgssenter – kontor og behandlings-/treningsal til fysio- og ergoterapitenesta. Tiltaket må utgreiast vidare. Arbeidet er starta, og midlar til forprosjekt/utgreiing vert tilrådd lagt inn i budsjettet for 2027. Tilråding om å legge inn midlar til investeringa i 2028
4. **Tiltak 12:** Nytt bygg ved Gloppen omsorgssenter – omsorgsbustader. Tiltaket må utgreiast vidare. Arbeidet er starta, og prosjektgruppa rår til å legge inn midlar til forprosjekt/utgreiing i budsjett for 2027. Tilråding om å legge inn midlar til investeringa i 2028
5. **Tiltak 1:** Bygge saman / bygge om Gotatunet og Gotatoppen. Tiltaket må utgreiast vidare. Arbeidet er starta, og det vert rådd til å sette av midlar til forprosjekt/utgreiing som vert innarbeidd i budsjettet for 2027. Tilråding om å legge inn midlar til investeringa i 2028
6. **Tiltak 5:** Bygge om fellesarealet på Furubu til kontor, og lage separate inngangar til bustadane. Utgreiinga pågår. Tilråding om å legge inn midlar til ombygginga i 2027
7. **Tiltak 3:** Gradvis utvikling av Gloppen omsorgssenter til eigne tenester/ta i bruk kapasiteten som ligg i bygget. Er avhengig av tiltak 13. Foreslår å utgreie dette i 2027. Kan gjerast med eigne interne ressursar.

8. **Tiltak 15:** Bygge fleksible bustadar for brukarar i Miljøarbeidertenesta i ved Solsikka i Åsavegen. Tiltaket kan utgreiast med interne ressursar i løpet av hausten 2026

Tiltaka 11, 12 og 13 kan utgreiast saman, men er likevel delt inn i tre separate tiltak.

Langsiktige tiltak – avhengige av ovannemnde prioriterte tiltak og avgjerder i andre sektorar:

1. **Tiltak 2:** Vidare utvikling av tilbodet til demente brukarar (demensgrend) – tiltaket vil påverke bustadtilbodet til andre brukargrupper
2. **Tiltak 7:** Gradvis utfasing av butilbodet i Nordåsen 44 – tiltaket er avhengig av at kommunen tilby alternativt bustadtilbod (ref. tiltak 15 og 4)
3. **Tiltak 8:** Lokalisere / organisere psykisk helse i lag med Miljøarbeidertenesta. Det skal gjennomførast eigen prosess i Familiehuset og Oppvekst om korleis ein best mogleg riggar desse tenestene i framtida
4. **Tiltak 4:** Bygge om Mona barnehage (avd. Aust) i Åsavegen til fire fleksible bustader. Oppvekstsektoren skal gjere vurderingar om barnehagestruktur og lokalisering. P.t. er lokalisering av Mona barnehage (aust) ikkje avklart, og dette vil verte utfordrande å løyse. Tiltaket er difor truleg ikkje aktuelt å jobbe vidare med dei første åra. Det vert i staden tilrådd å utgreie bygging av bustader på anna areal i Åsavegen (ref. tiltak 15)

**Økonomiske konsekvensar for kommunen**

I økonomiplanen vart det sett av ei investeringsramme på kr 1 mill. til å gjennomføre denne prosjektutgreinga i løpet av 2026. Det vart tidleg i prosjektet beslutta å berre nytte interne ressursar i prosjektet. Per utgangen av juli er det ført **246 133 kr** på prosjektet, og dette er hovudsakleg knytt til løn for intern prosjektersurs. Det vil venteleg kome inn noko meir kostnader i prosjektet utover hausten, og oppdatert prognose vil verte rapportert i 2. tertial.

**Konsekvensar for klima og miljø**

Redusert biltransport for tilsette til og frå tenestemottakarane vil ha positiv klima- og miljøeffekt.

**Sosiale konsekvensar**

Ikkje særskilt vurdert i denne saka

**Vurdering opp mot planverk**

Arbeidet og framlegga til tiltak i prosjektrapporten er i tråd med lokalt og nasjonalt planverk. Av lokalt planverk kan særleg *Kommunedelplan for helse og omsorg 2018-2030* nemnast.

**Kommunedirektøren si vurdering**

Kommunedirektøren vurderer at prosjektet har gitt viktig og naudsynt informasjon om korleis det kommunale tenestetilbodet bør utviklast vidare. Kommunen har no fått etablert eit grunnlag for å kunne arbeide vidare med og prioritere tiltak som møter utfordringane knytt til strammare økonomiske rammer, auke i talet tenestemottakarar og framtidige rekrutteringsutfordringar. Dette er særskilt viktig, og avgjerande for at kommunestyret skal kunne gjere best moglege vegval for Gloppen kommune.

Auka samlokalisering av tenester/funksjonar vil verte avgjerande, og er ein føresetnad for å kunne løyse oppgåvene på forsvarleg vis fram mot 2035.

Det er utfordrande å estimere dei økonomiske konsekvensane i drifta av tenestene som direkte følgje av dei tiltaka som rapporten peikar på. Innsparingane vil i første rekkje vere knytt til at kommunen i størst mogleg grad **unngår** å måtte auke bemanninga som følgje auke i talet tenestemottakarar. Dette skal kommunen få til samstundes som ein unngår bruk av vikarbyrå, og auka overtidsbruk blant tilsette.

Tre forhold peikar seg særskilt ut; (1) Auka bruk av **felles nattevaksressursar**, og (2) redusert tid tilsette brukar på **transport** i tenesteleveransen og (3) felles bruk av **kompetanse**. Desse effektane vil legge grunnlaget for ei effektivisering av drifta.

Dersom ein legg den demografiske endringa og auken i talet på innbyggjarar som vil ha behov for kommunale tenester, til grunn, vil kostnadene i omsorgstenestene i 2035 verte **54 mill.** høgare enn i 2026.

Eit forsiktig estimat inneber at kommunen vil kunne redusere nattevaktbemanninga med 2 heile stillingar (tilsvarande 3,6 årsverk), og redusere køyretida i heimetenesta med 1 årsverk. Dette åleine

tilsvarar driftskostnader på 4,6 mill. Potensialet vil truleg vere større, men dette er for tidleg å kunne seie noko sikkert om på dette tidspunktet.

Fleire av tiltaka må utgreiast og kvalitetssikrast ytterlegare for å kunne gje ei endeleg tilråding.

Interne grupper er i gang med dette arbeidet, og kommunedirektøren vil kome tilbake med endelege konklusjonar / vurderingar så snart grunnlaget for desse ligg føre.

Det vil bli forslått å sette av midlar i budsjettet for 2027 til vidare utgreiing/forprosjekt for nokre av tiltaka. Det vil også bli foreslått midlar til investeringar i den komande økonomiplanen.

#### **Eldrerådet 31.08.2026**

##### **Behandling**

Prosjektleiar Anita Lothe orienterte om prosjektet.

##### **ELD- 018/26 Vedtak**

Eldrerådet støttar kommunedirektøren si tilråding.

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 31.08.2026**

##### **Behandling**

Prosjektleiar Anita Eide Lothe orienterte, svarte på spørsmål og fekk skryt for godt arbeid med prosjektet.

##### **RAD- 027/26 Vedtak**

Rådet ser gevinstane ved samlokalisering, men peiker på behovet for fleksible løysingar. Det kan vere utfordringar med å samle menneske med svært ulike behov og utfordringar på same området.

Det har ikkje vore gjort kartleggingar av ønsker og behov framover hos tenestemottakarane som rådet representerer. Rådet ber om at det blir arrangert eit informasjonsmøte om rapporten og

arbeidet vidare, for å sikre informasjon ut til brukarar og pårørande, og sikre høve til medverknad.